

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 26.04.2022

Vår ref.: 202206869-2 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.: 22/2440 - 22/24755

Sakshandsamar: Toralf Otnes

22 95 95 27 / toot@nve.no

NVE sin uttale til søknad om dispensasjon for å legge ny hovudvassleidning langs Hellandsvegen og gjennom Byrkjelandsvatnet - Gnr. 441 bnr. 9 og gnr. 433 bnr. 12 mfl. - Alver kommune

Vi viser til brev datert 30.03.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanens arealdel for å legge ny vassleidning i ei lengd på om lag 3340 meter.

Leidningen skal leggest mellom anna gjennom Byrkjelandsvatnet. Den vil krysse bekker to stader (gnr. 441 bnr. 9 og gnr. 433 bnr. 12).

NNI Resources har i NNI-rapport 598 vurdert tiltaket sine konsekvensar for naturmangfaldet. Dei konkluderer med at tiltaket vil ha små konsekvensar. Konsulentane rår til avbøtande tiltak, som å gjere anleggsarbeidet utanfor hekkesesongen, gravearbeid på lågast mogeleg nivå, og tiltak for å hindre tilførsel av finpartikulært materiale. NVE rår dykk til å sette vilkår om dette dersom de gir dispensasjon. Vi vil i tillegg rå til at de set som vilkår å sette i stand kantsona til bekkene slik at inngrepet ikkje gir angrepspunkt for erosjon, og at det vert lagt til rette for snarleg reetablering av kantvegetasjon.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare handsaming/vurdering av tiltaka etter vassressurslova.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Alver kommune



Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND